



Norske Felleskjøp SA

Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2018/2019

16. august 2018

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar om nødvendig import av råvarer. Prognosar er grunnlaget for gjennomføringa av desse tiltaka og tilrådingane. Augustprognosen gir også grunnlaget for fastsetting av omsetningsavgifta for sesongen.

Tilgangsprognose

Prognosert tilgang til industrien pr. august byggjer på arealprognose og estimerte avlingar pr. dekar korrigert for korn som går til såkorn og leigemaling.

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgang av norsk korn til matmjøl- og kraftfôrindustrien for sesongen 2018/2019:


Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2013-17	Tilgang 2017	Prognose 2018	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	182 000	148 700	79 000	43 %	53 %
Fôrkveite	161 000	236 300	43 000	27 %	18 %
Kveite i alt	343 000	385 000	122 000	36 %	32 %
Matrug	23 000	21 100	6 600	29 %	31 %
Fôrrug/rugkveite	14 000	29 400	4 400	31 %	15 %
Rug i alt	37 000	50 500	11 000	30 %	22 %
Bygg	520 000	545 500	373 000	72 %	68 %
Havre	272 000	270 000	140 000	51 %	52 %
Korn totalt	1 172 000	1 251 000	646 000	55 %	52 %
Erter	3 000	3 800	6 000	200 %	158 %
Oljefrø, åkerbønner	10 000	10 300	6 000	60 %	58 %
Korn, erter, oljefrø	1 185 000	1 265 100	658 000	56 %	52 %
Matandel kveite	53 %	39 %	65 %		
Matandel rug	62 %	42 %	60 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

I år er ein vesentleg del av kornarealet treska rekordtidleg og grunnlaget for prognosen er med utgangspunkt i dette betre enn vanleg. Matandelen for kveite vert estimert til 65 % og 60 % for rug.

Samla tilgang av korn og oljefrø er prognosert 45 % under femårssnittet. Dette er historisk lågt:



Areal og arealfordeling

Prognosen er i utgangspunktet basert på ein føresetnad om uendra totalareal med korn og oljevekstar og med fordeling mellom vareslaga etter prognose utarbeidd av NIBIO. NIBIO sin prognoserte arealfordeling er basert på omsetninga av såkorn frå såkornforretningane. Det er korrigert for at vanskelege såforhold hausten 2017 førte til at ikkje alt omsett såkorn vart brukt. Arealet av haustkveite og rug er redusert med 50 % for dette forholdet og reduksjonen kompensert skjønsmessig ved auka areal vårkveite, bygg og havre.

På grunn av tørken er ein del kornareal hausta som grovfôr til husdyr. Norsk landbruksrådgiving har gitt eit grovt estimat for denne avgangen, som vist i tabellen under. Historiske arealopplysningar er henta frå Landbruksdirektoratet sin statistikk for produksjonstillegg:

Arealfordeling 2012 - 2017 (dekar)							Estimert til grovfôr	Endring frå 2017
	2013	2014	2015	2016	2017	2018		
Haustkveite	91 327	205 474	375 711	114 213	302 794	77 300	200	-225 500
Vårkveite	456 404	585 034	480 096	552 434	453 771	480 200	16 300	26 400
Kveite	547 731	790 508	855 807	666 647	756 565	557 500	16 500	-199 100
Rug, rugkveite	30 095	60 846	104 104	45 460	83 628	34 500	-	-49 100
Bygg	1 587 177	1 259 617	1 225 484	1 367 167	1 341 631	1 482 400	38 300	140 800
Havre	684 556	714 966	629 935	758 377	672 555	696 000	31 100	23 400
Korn	2 849 559	2 825 937	2 815 330	2 837 651	2 854 379	2 770 400	85 900	-84 000
Oljefrø	34 613	40 999	34 707	41 301	23 002	19 200	2 000	-3 800
Korn/oljevekstar	2 884 172	2 866 936	2 850 037	2 878 952	2 877 381	2 789 600	87 900	-87 800

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet/Søknad om produksjonstilskudd.

Avling i kg pr. dekar

For prognosering av avling pr. dekar blir det kjøpt estimat frå Norsk Landbruksrådgiving og NIBIO. NIBIO har utvikla ein modell for prognosering av dekaravling basert på statistikk for kornleveransar og lokale vêrdata. NIBIO leverer ikkje prognose for estimert dekaravling i 2018, sidan modellane som prognosen byggjer på, ikkje er kalibrerte for den svært spesielle sesongen i år.

Avlingsprognosar frå Norsk Landbruksrådgiving

Norske Felleskjøp har motteke avlingsanslag frå avdelingar i Norsk Landbruksrådgiving, som har vurdert den nye avlinga i forhold til avlinga i fjor. Rådgjevarane har for nokre regionar gitt kommentarar til avlingsvurderingane:

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Hvam:

«Denne gang tror jeg august-prognosen er vesentlig sikrere enn tidligere. Stor del av kornarealet er allerede tresket.

Avlingene på Romerike er elendige. Jeg har ikke opplevd maken selv om jeg har vært med ganske lenge i denne bransjen.

På leirjorda er det store arealer hvor det nærmest er null i avling, andre områder opp mot 200 kg/daa. Mange har problemer med å få aksa inn i treskeren pga korte strå.

Avlinga er dårlig også på den tørkesterke jorda. Selv om åkeren ser OK ut på avstand, er det små og lette korn med avlingsnivå rundt 300-350 kg/daa. Det er tomt for vann også på den jorda som vanligvis er tørkesterk.

Jeg tror mesteparten av høsthvete og rug som er tresket har holdt matkvalitet. Noe ryker antagelig pga. dårlig hl-vekt. Det er tresket lite vårhvete. Antagelig vil små korn og dårlig hl-vekt bety mye fôr i vårhveten.»

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Øsaker:

«Avlingene i Østfold preges sterkt av den langvarige tørken i tillegg til svært høye temperaturer. Det er også et stort areal som fikk dårlig spiring og dårlig etablering grunnet for tørre forhold under såingen. For de åkrene som har sett jevne og fine ut er også avlingene lave grunnet småkorn og dårlig mating. De beste avlingene er nok i områder med siltjord der råmetilgangen har vært betre. Sør i

fylket fikk vi i grunn en fin etablering i våres. Mye ujamn oppspiring i indre deler av fylke. Åkre som så jevne ut har stort sett gitt rundt 300-350 kg.»

Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, Blæstad:

«Bygg: Gode avlinger hos mange, men variasjoner fra under 200 til over 500 kg pr dekar. Ca 20 % av arealet er vatnet. I Sør-Østerdal er det gode avlinger, delvis over fjorårets. Men arealet er begrenset.

Hvete: Det ble knapt sådd høsthvete i fjor. Forventer derfor noe lavere avling av hvete enn bygg, i forhold til fjoråret. Vi ser også at vårhveten sliter mer i tørka, så flere dårlige tall her enn for bygg.

For havre er det samlede arealet er lavere enn normalt i år. Slik åkrene har sett ut er det lave avlingsforventninger.

Også lite areal med oljefrø. Med et godt rotsystem kan denne veksten gjøre det bedre enn kornartene.»

Norsk Landbruksrådgiving, Viken:

«Avlingsnivået er svært sprikende, fra under 100 kg/daa til over 400 kg/daa. Snittet opplever jeg ligger rundt 200-250 kg/daa. Foreløpig rapporteres det om at kvaliteten er god, så mye av hveten går til mat. Vårrapsen står fortsatt grønn.»

Prognose for avling

Tabellen under viser historiske avlinger pr. dekar og prognosert avlingsnivå:

Avling, kg/dekar

Kornslag	2013	2014	2015	2016	2017*	Ti års snitt	Prognose 2018	I forhold til 2017
Kveite	389	492	574	465	539	454	253	47 %
Rug	422	625	635	509	605	491	319	53 %
Bygg	324	420	414	465	425	391	275	65 %
Havre	327	396	452	473	431	390	228	53 %
Totalt korn	338	439	479	468	461	410	259	56 %
Oljefrø	139	199	240	216	418	212	161	39 %

Fordeling av matkveite pr. proteinklasse

Fordelinga av matkveiten mellom sortar med ulike proteineigenskapar er viktig for bakerisektoren. Graminor sin statistikk for såkornomsetninga før sesongen tilseier følgjande fordeling av matkveiten i den kommande sesongen. Samla tilgang matkveite er korrigert for at om lag 5 000 tonn er venta brukt til produksjon av kraftfôr. Klassefordelinga er korrigert for estimert andel ubrukt såkorn hausten 2017. Det er ikkje korrigert for at tørken eventuelt kan ha påverka tilgangen av ulike klassar ulikt.

Overlagra matkveite av klasse 4 utgjør størstedelen av tilgangen av denne kvaliteten i sesongen:

Klassefordeling

	2017-18	Prognose sesong 2018-2019			
	Fordeling	Fordeling nytt korn 2018	Matkveite 2018-avling	Fordeling inkl overlaging	Tilgang (tonn)
Klasse 1	6,2 %	37 %	28 800	24 %	27 000
Klasse 2	2,9 %	6 %	5 100	4 %	4 800
Klasse 3	8,5 %	41 %	32 600	28 %	30 600
Klasse 4	82,5 %	5 %	4 100	37 %	40 400
Klasse 5		11 %	8 300	7 %	7 800
I alt	100,0 %	100 %	78 900	100 %	102 800

Forbruksprognose

Matkorn

Utvikling forbruk

Prognosen for forbruk av matkorn er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med juni i år. Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose for perioden juli 2018 – september 2019.

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2013/2014	279 896	23 421	2 643	28 807	334 767
2014/2015	274 945	22 124	3 187	30 888	331 144
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	275 912	22 050	3 409	36 680	338 051
Prognose 18/19	276 500	22 400	3 400	37 400	339 700

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på statistikk for omsetning av kraftfôr til og med 2. kvartal i år. Vidare er lagt til grunn produksjons- og salsprognosar for husdyrprodukt. Som følge av tørken sommaren 2018 er tilgangen av grovfôr sterkt redusert. Eit forsiktig første anslag for auka vekst i forbruket av fôr til drøvtyggarar på 15 % i forhold til historisk utgangspunkt er lagt til grunn. I tillegg gir prognoserte endringar i produksjonen av kjøtt og mjølk utslag.

For 2. halvår 2018 gir prognosen ei auka omsetning på 79 000 tonn i forhold til tilsvarende periode i 2017. Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i år og til og med 3. kvartal neste år er prognosert under:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K13 - 3K14	997 100	481 600	460 600	25 192	1 964 492
4K14 - 3K15	1 010 300	495 800	426 900	22 386	1 955 386
4K15 - 3K16	1 012 800	498 300	436 700	19 094	1 966 894
4K16 - 3K17	1 004 700	491 500	458 700	17 114	1 972 014
4K17 - 3K18*	1 060 900	493 000	446 100	16 800	2 016 800
4K18 - 3K19**	1 251 000	495 000	450 000	16 000	2 212 000
Endring	17,9 %	0,4 %	0,9 %	-4,8 %	9,7 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Supplering av kornråvarer gjennom import

Prognosen er grunnlag for importkvotar med nedsett tollsats som sikrar tilgang til suppleringsimport til tilsvarende råvarekostnad som norsk korn. Suppleringsimporten skal gi industrien grunnlag for å skaffe tilstrekkeleg råvare til rett kvalitet.

Fordeling av tilgangen

Tabellen under gir oversikt over den forventa tilgangen av ny norsk avling og av korn som er overlagra. Korn som er føresett ubrukt i 2017/2018 som følge av ekstra kvoteauksjon pr. 10.08.2018, er lagt inn som ekstra tilgang fordelt skjønnsmessig mellom førkveite, bygg og havre.

Kornbalanse (tonn)	Kveite, mat			Kveite, fôr				
	mat	Rug, mat	Matkorn	Rug, fôr	Bygg	Havre	Førkorn	
Overlagra	36 600	0	36 600	11 000	2 200	37 486	0	50 686
Fortrengt karbo juli-aug 18				2 000		8 000	2 000	12 000
+Ny avling	79 000	6 600	85 600	43 000	4 400	373 000	140 000	560 400
+Innmeldt 1. april 2019	0	0	0	0	0	0	0	0
=Tilgang	115 600	6 600	122 200	56 000	6 600	418 486	142 000	623 086
Matfôr	-5 000	0	-5 000	5 000	0	-3 400	-17 400	-15 800
=Tilgang netto	110 600	6 600	117 200	61 000	6 600	415 086	124 600	607 286

Minimums importbehov

I rapporten «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017 har Norske Felleskjøp vurdert minste behov for import av matkorn og kornråvarer til kraftfôr (karbohydratråvarer). I sesongar med god tilgang av norsk korn kan det med bakgrunn i desse vurderingane bli nødvendig å regulere overskott av norsk korn sjølv om det blir opna for import av korn.

For matkorn er det ikkje gitt konkrete kvantumskrav til minimumsimport. For produksjon av kraftfôr er det stilt minimumskrav til tilgang av essensielle varer basert på husdyrproduksjonen i 2017. I tillegg til å stille minimumskrav, opnar Norske Felleskjøp med bakgrunn i rapporten for at det kan vere nødvendig å tildele større kvoter for å sikre mot helseproblem hos husdyra.

Behovet for spesifikke råvarer vil normalt variere med total produksjon av kraftfôr. Tabellen under viser i tillegg til kvanta definert i rapporten, også behovet gitt det aktuelle prognoserte forbruk av karbohydratråvarer i sesongen korrigert for forventa totalt forbruk av karbohydratråvarer:

Importvurdering (tonn)	Behov jf rapport des. 2017		Behov i sesong	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Behov for roesnittar	75 000	90 000	84 000	101 000
Behov for mais	50 000	70 000	56 000	79 000
Behov for melasse	60 000	60 000	67 000	67 000
Behov for økologisk vare	15 000	15 000	17 000	17 000
Behov for kveite	200 000	250 000	225 000	281 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	56 000	79 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	450 000	555 000	505 000	624 000
Norsk førkveite	-61 000	-61 000	-61 000	-61 000
Norsk kli	-50 000	-50 000	-56 000	-60 000
Suppleringsbehov karbohydratråvare	339 000	444 000	388 000	503 000

Delar av importbehovet vert dekt gjennom bilateralt avtalte importkvotar og gjennom import frå MUL-land. Resten blir lagt ut for auksjon. Aktuell prognosert underbalanse i sesongen medfører at desse minimumskvotane ikkje får verknad for suppleringsbehovet.

Underdekning av karbohydratråvarer til kraftfôr

Det totale forbruket av karbohydratråvarer (inklusive korn) blir rekna ut frå prognosert total produksjon av kraftfôr og prognosert gjennomsnittleg andel karbohydrat i kraftfôret.

Produksjon av kraftfôr er prognosert ovanfor. Karbohydratandelen blir estimert med bakgrunn i kvartalsvise forbruksdata som industrien gir til Landbruksdirektoratet. Karbohydratandelen i 2. kvartal er lagt inn som eit førebels estimat. Trenden tilseier framleis nedgang i andelen karbohydrat i forhold til forbruket av protein og feitt:

	Andel karbohydrat	
	Registrert	Prognose
2013/2014	71,9 %	
2014/2015	71,7 %	
2015/2016	69,8 %	
2016/2017	70,2 %	
2017/2018		70,6 %
4. kvartal 2018		69,8 %
1. kvartal 2019		70,4 %
2. kvartal 2019		70,4 %
3. kvartal 2019		70,7 %
4K18 - 3K19*		70,3 %

Basert på tilgangen av norsk korn får vi følgjande behov for supplering i form av importerte karbohydratråvarer i sesongen:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)		
Forbruk		
Kraftførsal	2 212 000 tonn	
Andel karbohydratråvare	70,3 %	
Behov karbohydratråvarer		1 555 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		60 000
Karbohydratråvarer eksklusiv kli		1 495 000
Tilgang norsk fôrkorn	607 386 tonn	
Norsk korn brukt til kraftfôr etter svinn		-601 000
Underdekning av karbohydratråvare totalt		894 000

*) Svinn 1,0 %

Underdekning av matkorn

Importkvota for matkorn vert gitt som ei samla kvote. Som grunnlag for den samla importkvota er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Ut frå forventa forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere behov for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	276 500	22 400	3 400	37 400	339 700
Norsk matkorn	110 600	6 600	3 400	17 400	138 000
Underdekning matkorn	165 900	15 800	0	20 000	201 700

Det er usikkert om det blir tilgang til tilstrekkeleg norsk grynhavre. Kvaliteten på motteken havre er svært svak og det vil bli ein vesentleg del import i denne sesongen.

Forslag om importkvotar

Norske Felleskjøp foreslår importkvotar for Landbruksdirektoratet. Forslaga skal vere i samsvar med prognose.

Forslag om importkvote for fôrkorn

Ved tildeling av importkvotar kan Landbruksdirektoratet i augustauksjonen tildele mellom 25 og 55 % av prognosert importbehov i sesongen. Det er lagt til grunn at andelen av forventa suppleringsbehov i sesongen som vert lagt ut i augustauksjonen vert sett til 40 %. Dette er tilstrekkeleg til å unngå at det blir tildelt for stor importkvote allereie i august.

For import frå MUL-land er det fri tilgang til importlisensar. Lisensane gjeld for perioden august - juli. Denne importen skjer uavhengig av tollkvotetildelinga og må takast omsyn til ved utlysing av auksjon av kvote med redusert toll. Det er gitt tollfri kvote for sukkermelasse frå GSP-land på 40 000 tonn. Industrien har vidare tilgang til tollfri import av inntil 10 000 tonn mais og 10 000 maisgrits frå EU. Maiskvoten frå EU blir utvida med 5 000 tonn frå 01.01.2019 og denne auken er fasa inn i utrekninga av tollkvoter med 4 583 tonn for inneverande kvoteår.

I august korrigerer vi også for at importen av MUL-varer i den førre sesongen normalt er mindre enn tildelte lisensar. I siste prognose for 2017/2018 vart det lagt til grunn for lav utnytting av MUL-lisensane og dette blir korrigert for i ny sesong.

Norske Felleskjøp foreslår følgjande tildeling av importkvotar for karbohydratråvarer i auksjonen i august:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, august 2018 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	894 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-24 583
- Kvote for roemelasse - GSP	-40 000
Korreksjon for utnyttede MUL-lisensar i siste kvoteår	-800
Suppleringsimport inklusive MUL-import	828 617
Importbehov sep-nov inklusive MUL-import	40 % 331 000
- MUL-lisensar august-november	-14 000
Forslag til importkvote med administrert toll	317 000

Forslag om importkvote for oljefrø

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Forbruket gått ned dei siste åra. Sett mot prognosert tilgang av norskprodusert oljefrø, korrigert for estimert 50 % åkerbønner og estimert forbruk til matolje, har bransjen behov for følgjande suppleringsimport i sesongen:

Importbehov oljefrø 2018/2019	
Forbruk til kraftfôr	11 000
- Tilgang norsk oljefrø	-3 000
+ Forbruk til matolje	1 400
Importbehov	9 400

Underskottsområda har trong for tilførsel av importert oljefrø frå starten av sesongen og Norske Felleskjøp foreslår å tildele 55 % av kvoten i august. Dette gir ei kvote på 5 000 tonn.

Forslag om importkvote for matkorn

Ved tildeling av importkvoter kan ein i augustauksjonen tildele mellom 25 og 55 % av samla importbehov.

Import frå MUL-land der det er fri tilgang til importlisensar og særskilt avtalte kvoter med andre land, blir tildelt uavhengig av prognosen og må takast omsyn til ved utlysing av auksjon av kvote med redusert toll. Det er ikkje søkt om MUL-lisensar for import av matkorn, men det er lagt til grunn at import av durumkveite blir som i 2017 då det vart importert 1 507 tonn.

Norske Felleskjøp har lagt til grunn at 40 % av sesongbehovet blir tildelt i august, som gir følgjande importkvote:

Prognosert suppleringsimport matkorn, august 2018 (tonn)		
Prognosert importbehov, sesong		202 000
- Import under kvoter for durumkveite		-1 500
Suppleringsimport inklusive MUL-import		200 500
Importbehov inklusive MUL-import	40 %	80 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land		0
Forslag til importkvote med administrert toll		80 000

VEDLEGG

Oversikt over tilgang tidlegare år:

Tilgang korn (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Total	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Total rug/ rugkveite
2003/04	310 007	24 347	334 354	15 725	1 584	17 309
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 169	38 361
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 339	33 211
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 641	24 581
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 159	38 238
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 304	46 320
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 748	26 709
2010/11	184 791	127 458	312 249	16 182	17 120	33 301
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 362	16 109
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	1 841	4 694
2013/14	171 406	26 335	197 741	11 700	536	12 236
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 259	5 502	36 760
2015/16	147 734	324 001	471 735	36 591	25 606	62 197
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 664	236 336	385 000	21 064	29 436	50 500
Prognose	79 000	43 000	122 000	7 000	5 000	11 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner	Rugkveite ¹⁾
2003/04	552 344	316 605	1 221 480	1 054	11 312	869
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	479 429	212 361	902 179	963	6 015	413
2014/15	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648	1 262
2015/16	474 394	268 737	1 280 989	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	545 500	270 000	1 251 000	3 825	10 300	17 058
Prognose	373 000	140 000	646 000	6 000	6 000	

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

¹⁾ Inngår i prognose som fôrrug